

Begge jentelaga tapte, det eine på myntkast**30.07.2009**

Rosendals jenter 13 tapte 1-0 for tyske Endorf i kvartfinalen på Ekebergsletta og dei eldste jentene tapte semifinalen på myntkast for Snøgg. Det er det sjette myntkast-tapet for eit Rosendalslag i Norway Cup.

Kvinnheringane spela jamnt med tyskarane, men det resulterte ikkje i mål.
Tonje K. Bryn scora mål på frispark, men dommaren annullerte målet fordi det var eit inndirekte frispark.

I den andre kampen var Rosendal det dominerande laget men kampen enda 0-0 og dermed vart det myntkast.